


Bestille tur med FRAM Svipp


FRAM Svipp er kun tilgjengelig morgen, kveld etter kl. 18.00 og i helgene. På dagtid går rutebussen innom flyplassen når det er flyavgang eller -ankomst. Du må ha et norsk mobiltelefonnummer for å kunne bruke denne tjenesten.

Logge inn på bestillingssystemet

1. Gå inn på frammr.no og vel Bestillingstransport i menylinja øvst på nettsida.
2. Klikk på lenka til FRAM Svipp Ørsta/Volda i teksten, eller klikk på den blå FRAM Svipp-boksen.
3. Skriv inn mobiltelefonnummeret ditt og vel Send PIN-kode.



4. Skriv inn PIN-koden i feltet for PIN-kode og vel Logg inn.




Når du skal reise heimanfrå og til flyplassen


1. I det venstre Fra-feltet skriv du byrjinga på gateadressa du vil bli henta på. Når du byrjar å skrive eit gatenamn som er ei gyldig henteadresse, vil du få opp moglege henteadresser i ei liste. Vel den korrekte adressa.
2. Under TIL trykker du på pila i den høgre Til-boksen og vel eit av dei moglege alternativa.

Ny bestilling

FRA

Fra **Skriv byrjinga på gatenamnet her** | Fra 

TIL

Til **Trykk på pila og vel Ørsta-Volda lufthamn (busstopp)** 


3. Vel kor mange som skal reise (1, 2 eller 3).
4. Under VELG TIDSPUNKT vel «ANKOMST FØR». Vel deretter dato og ei av dei tilgjengelege tidene. (Dette er tida for flyavgang minus 25 minutt, altså det tidspunktet du må vere på flyplassen i høve ein aktuell flyavgang.)

Ny bestilling

FRA

Dalevegen 6, 6153 ØRSTA

TIL

Ørsta-Volda lufthamn (busstopp) 


HVOR MANGE SKAL REISE? 1 2 3

VELG TIDSPUNKT? AVREISE ETTER ANKOMST FØR

DATO

20.09.2021

TID

20:40 

Vi henter deg mellom 20:16 og 20:31
Ankomst Før 20:40

TJENESTER

Når du har vald tid, får du informasjon om at du vil bli henta i eit visst tidsrom.


5. Vel Submit for å gå vidare. (Du skal ikkje skrive eller velje noko i feltet TJENESTER.)

Når du skal reise frå flyplassen


1. Logg inn som beskrive over.
2. Under FRA trykker du på pila i den høgre Fra-boksen og vel eit av dei moglege alternativa.
3. I det venstre Til-feltet skriv du byrjinga på gateadressa du vil køyrt til. Når du byrjar å skrive eit gatenamn som er ei gyldig leveringsadresse, vil du få opp moglege adresser i ei liste. Vel den korrekte adressa.

Ny bestilling

FRA

Fra | Fra 


TIL

Til | Til 

4. Vel kor mange som skal reise (1, 2 eller 3).
5. Under VELG TIDSPUNKT vel «AVREISE ETTER». Vel deretter dato og ei av dei tilgjengelege tidene.

Ny bestilling

FRA

Ørsta-Volda lufthamn (busstopp) 

TIL

Dalevegen 6, 6153 ØRSTA


HVOR MANGE SKAL REISE? 1 2 3

VELG TIDSPUNKT? AVREISE ETTER ANKOMST FØR

DATO

21.09.2021

TID

20:40 

TJENESTER

Når du har vald tid, kjem det opp informasjon om at du vil bli henta i eit visst tidsrom.

6. Vel Submit for å gå vidare. (Du skal ikkje skrive eller velje noko i feltet TJENESTER.)

FRAM Svipp er kollektivtransport i regi av FRAM

FRAM Svipp er ein del av FRAM sitt kollektivtilbod. Det er altså ikkje det same som ordinær taxi. Er det fleire som har bestilt tur til same avgang eller frå same ankomst, vil fleire reisande bli køyrt i same bil. Du må berekne at FRAM Svipp brukar lengre tid enn ein vanleg drosjetur eller privatbiltur.

Kvitteringsmelding og hentemelding

Når bestillinga er registrert, får du ei kvitteringsmelding på SMS. Så får du ei ny melding når bilen er på veg for å hente deg. Det er viktig at du er klar når bilen kjem.

Bestillingsfristar

For avgangar og ankomstar før kl. 16.00 må du legge inn bestillinga seinast kl. 19 kvelden før. For avgangar og ankomstar etter kl. 16.00 må du bestille før kl. 16.00 same dag.

Du kan ikkje bestille tidlegare enn 7 dagar før du skal reise.

Viss det oppstår eit problem

Har du spørsmål om FRAM Svipp, kan du kontakte FRAM Kundesenter på telefon 71 28 01 00 (opningstid kvar dagar 08.00-21.00, laurdag 09.00-18.00 og søndag 10.00-21.00).

Viss det skulle oppstå eit problem nært opptil hentetidspunktet slik at du har behov for å kontakte drosja, skal du ringe taxisentralen i Ørsta (70 06 70 00) eller Volda (70 07 89 00).